

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE - 010	16/936

Saknr	Utval	Type	Dato
002/2017	Valstyret	PS	19.04.2017

## Delegering av mynde etter vallova / kommunelova

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen får – saman med leiar i valstyret – fullmakt til å ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell karakter samt å ta seg av det praktiske arbeidet med stortingsvalet 2017.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Det er mange avgjerder som skal takast i samband med stortingsvalet 2017. Nokre avgjerder er lovpålagt at skal avgjerast i valstyret, andre avgjerder kan gjelde reint praktiske ting av ikkje prinsipiell karakter. For meir informasjon sjå valhandboka på [www.valg.no](http://www.valg.no).

#### Fakta

##### Vallova § 4-1:

*I hver kommune skal det være et valgstyre som velges av kommunestyret selv.*

Valstyret i Masfjorden kommune vart vald i KS-sak 099/2015 og medlemmene er personidentisk med formannskapsmedlemmene. Ordførar vart vald som leiar i valstyret.

##### Kommunelova § 10, 4 pkt:

*Utvalget kan gi lederen eller et arbeidsutvalg myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, viss ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet*

##### Kommunelova § 23, 4 pkt:

*Kommunalt og fylkeskommunalt folkevalgt organ kan gi administrasjonen myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet.*

#### Vurdering

Lovverket sitert over gjev valstyret heimel til å delegerere mynde til leiar av valstyret eller rådmannen til å treffe vedtak i enkeltsaker eller typer av saker som ikkje er av prinsipiell karakter. Rådmannen kan delegera denne oppgåva vidare i organisasjonen.

### **Konklusjon**

Rådmannen meiner at det av praktiske grunnar bør gjevast fullmakt til skrivars i valstyret, saman med leiar av valstyret, til å ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell karakter i samband med Stortingsvalet 2017.

### **Valstyret - 002/2017**

#### **VS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **VS - vedtak:**

Rådmannen får – saman med leiar i valstyret – fullmakt til å ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell karakter samt å ta seg av det praktiske arbeidet med stortingsvalet 2017.